



Intervjue studentar eller undervisarar på vertsinstitusjonen

Dokker skal intervjuue ein eller fleire studentar ved vertsinstitusjonen og/eller ein eller fleire lærarar ved vertsinstitusjonen. Temaet for intervjuet skal vere knytt til svensk-/norsk-/danskdidaktikk eller på anna vis vere relevant for kommande lærarar som skal undervise i svensk/norsk/dansk.

Temaet kan til dømes vere: Kva erfaringar har studentane med andrespråksdidaktikk? Kva barne- litteratur er i vinden no i vertslandet, og korleis jobbar dei med det på vertsinstitusjonen? Korleis jobbar dei med vurdering og respons på elevtekstar på vertsinstitusjonen? Korleis jobbar dei med minoritetsspråk og språkleg mangfald på vertsinstitusjonen? Dette er berre døme. Tenk over tema dokker er interesserte i og snakk med undervisar på vertsinstitusjonen om kva som kan vere aktuelt. Sjå også 'Korleis finne ein tematikk' nedanfor.

Opggåva si estimerte arbeidstid tilsvarer XX ECTS.

Kva får ein ut av det?

Dokker får mellom anna:

- Trening i å kommunisere om fagstoff på tvers av nabospråk. Slik trening gjer terskelen lågare for fagleg (og sosial!) kommunikasjon med nabospråklege i framtida.
- Ein fokusert, djup samtale om eit interessant tema med studentar eller undervisarar i nabolandet.
- Ny viten og nye perspektiv som dokker kan bruke når dokker sjølv skal undervise framtidige elevar om den valde tematikken.
- Høve til å formidle desse nye perspektiva til eiga klasse og samanlikne ulike perspektiv på same tematikk.
- Erfaring med intervju som metode.

Dei som blir intervjuva vil også – i likskap med dokker – få trening i å samtale om fagstoff på tvers av nabospråk. Dei som blir intervjuva vil også få nye perspektiv på tematikken i og med at dei går inn i ein samtale om tematikken med dokker. Dokker stiller kanskje spørsmål til tematikken som dei ikkje har forhalde seg til fordi dokker har andre erfaringar med tematikken. Eller kanskje dokker oppdagar kor mykje som er likt i landa eller på utdanningane dokkerar når det gjeld denne tematikken. Eller kanskje dokker saman oppdagar at tematikken blir handsama på ein bestemt måte i nabolandet på grunn av historiske forhold eller bestemte samfunnsforhold? Det å snakke med besøkande frå eit naboland om ein bestemt tematikk inneber gjerne å sette ord på sjølvfølger og bli merksam på forskjellar og likskapar mellom dei to landa sin tilgang til tematikken.

Når dokker kjem heim og formidlar funna frå intervjuet til dokkerar eiga klasse, vil medstudentane



få nye perspektiv på tematikken. Dei vil også få høve til å samanlikne og forstå korleis tematikken blir møtt i ulike naboland / på dei ulike lærarutdanningane.

Før besøket

Før besøket skal dokker:

- bestemme tematikk for intervjuet
- utarbeide ein intervjuguide
- finne ut kven dokker vil intervju og gjere avtalar med dei
- tenke på personvern (sjå nedanfor)

Korleis finne ein tematikk?

Det er lurt å velje eit tema som ein sjølv er interessert i, eller ein tematikk som dokkerar eiga klasse har jobba med eller skal jobbe med i nær framtid. Dokker skal drøfte moglege tematikkar med undervisaren på vertsinstitusjonen for å lande på noko som kan vere spennande å intervju studentane og/eller undervisarane på vertsinstitusjonen om. Dokker skal også drøfte moglege val av tematikk med eigen undervisar.

Dokker må bestemme om de skal intervju ein eller fleire studentar, eller om dokker skal intervju ein eller fleire undervisarar. Avgjerda kjem an på om dokker er interesserte i studentane sine eller undervisarane sine perspektiv på tematikken – eller om dokker ønsker perspektiv frå både studentar og undervisarar. Dokker kan gjerne spørje undervisaren på vertsinstitusjonen om å bistå med å formidle kontakt til nokon dokker kan intervju. Då kan dokker avtale tidspunkt for intervju i god tid.

Det er mange moglegheiter når dokker skal velge tema. Her er nokre framlegg:

- Kanskje vel dokker eit tema som dokker har jobba med på dokkerar eige studie. Dokker er nysgjerrige på å høyre korleis denne tematikken ser ut i nabolandet eller på lærarutdanninga dokker besøker.
 - For eksempel: Dokker er interesserte i fleispråklegheit, og dokker er nysgjerrige på å få innsikt i korleis dei jobbar med fleispråklegheit, minoritetsspråk og språkleg mangfald på vertsinstitusjonen.
- Kanskje vel dokker ein tematikk som dokker skal jobbe med i eiga klasse i nær framtid.



- o For eksempel: Klassa skal jobbe med barnelitteratur. Dokker intervjuar studentar i vertsklassa om kva barnebøker som er i vinden no og korleis dokker jobbar med dei på utdanninga og ev. på praksisskulane.
- Kanskje vel dokker ein tematikk som dokker sjølv er spesielt opptatte av for tida eller ein tematikk som dokker synest er spesielt utfordrande. Dokker nyttar høvet til å få eit perspektiv fra nabolandet på denne tematikken.
 - o For eksempel: Dokker synest andrespråksdidaktikk er eit interessant tema. Dokker nyttar høvet til å få ny viten om temaet ved å intervjuje både studentar og undervisarar på vertsinstitusjonen.
- Kanskje vel dokker eit tema som dokker veit at undervisar(ane) eller studenten/-ane på vertsinstitusjonen er spesielt interesserte i eller har spesialkompetanse på.
 - o For eksempel: Dokker veit at vertsklassa nyleg har hatt eit større prosjekt om ungdomslitteratur. Dokker grip sjansen for å få ny kunnskap og nye vinklingar på ungdomslitteratur ved å intervjuje studentar i vertsklassa om dette temaet.
 - o Eit anna eksempel: Dokker veit at ein undervisar på vertsinstitusjonen har forska på grafisk litteratur. Dokker nyttar høvet til å få innsikt i grafisk litteratur ved å intervjuje denne undervisaren.
- Kanskje vel dokker eit tema som dokker veit er relevant for norsklærarar og no lurar dokker på korleis denne tematikken ser ut i nabolandet.
 - o For eksempel: Som norsklærarar må dokker ha kjennskap til samiske språkforhold og samisk litteratur. Dokker skal besøke ei lærarutdanning i Sverige og ønsker innsikt i korleis dei jobbar med samisk litteratur på lærarutdanninga dokker besøker. Eller kanskje ønsker dokker innsikt i kva for språklege rettar samiske elevar har i Sverige. Del gjerne dokkar eigen kunnskap om samisk i lærarutdanning og skule i Noreg. Kva tenker dei dokker intervjuar om samisk i lærarutdanninga i Noreg og samisk i lærarutdanninga i Sverige?
 - o Eit anna eksempel: Dokker skal til Danmark, og dokker intervjuar studentar/undervisarar på vertsinstitusjonen om korleis grønlandsk språk, kultur og litteratur blir tematisert på lærarutdanninga. Del gjerne dokkar eigen kunnskap om samisk i lærarutdanning og skule i Noreg. Kva tenkjer dei dokker intervjuar om samisk i lærarutdanninga i Noreg og grønlandsk i lærarutdanninga i Danmark?



Variantar av intervju

Intervjuet kan vere eit klassisk intervju med spørsmål og svar. Men det kan like gjerne vere ein såkalla fokusgruppesamtale. I ein slik samtale har dokker ikkje ei liste med spørsmål med som dokker stiller. I staden har dokker ei liste med spørsmål, påstandar eller tematikkar som dokker legg på bordet framfor 3-5 undervis(ar) og/eller student(ar). Og så ber dokker studentane/undervisarane diskutere det som står på papiret.

Dersom dokker vel fokusgruppesamtale, så skal dokker sjølve delta i fokusgruppesamtalen. Berre hugs å sørge for at det til ei kvar tid er ein av dokker som noterer.

Snakk med kvarandre- og ev. med undervisaren dokkar – om fordeler og ulemper ved dei ulike intervjuvariantane med tanke på tematikken og spørsmåla dokker har valt.

Intervjuguide

Når tematikken er bestemt, skal dokker lage ein intervjuguide. Det betyr at dokker skal lage ei liste med spørsmål som dokker vil stille til dei dokker intervjuar. Dokker kan gjerne spørje egne klassekameratar om det er noko bestemt dei er nysgjerrige på og gjerne vil at dokker spør om i intervjuet. Når dokker lager intervjuguide, kan det vere lurt å tenke på potensielle oppfølgings-spørsmål. Hugs samstundes å vere open for at nye spørsmål kan bli aktuelle i løpet av sjølve intervjuet fordi samtalen tek ei ny og spennande vending.

Tenk på om dokker vil sende intervjuguiden på førehand, så dei som skal intervjuast kan gjere seg nokre tankar om tematikken før intervjuet. Det kan vere både fordelar og ulemper ved dette. Snakk med eigen undervisar eller undervisar på vertsinstitusjonen om kva som kan vere lurt.

Personvern

På grunn av GDPR bør ein unngå å bruke lydopptakar. Om dokker ønsker å gjere lydopptak, undersøk personvernreglementet i det landet dokker besøker.

Eit alternativ til lydopptak er notat. Til dømes kan ein av dokker ha hovudansvar for å stille spørsmål medan andre har hovudansvar for å notere. Rett etter intervjuet er det lurt at både dei som noterte og dei som stilte spørsmål, set seg og noterer. På den måten får dokker gode og brukbare notat frå intervjuet. Fleire hovud husker betre enn eitt.

Sjølv om ein bruker notat i staden for lydopptakar, er det viktig å ta omsyn til informanten sine preferansar med tanke på anonymisering. Har dei som blir intervjuast lyst å framstå med namn? Nokon har det. Men om dei gjerne vil vere anonyme, sørg for at dei ikkje kan identifiserast på bakgrunn av det dokker noterer og fortel frå intervjuet.



Her er nokre tips til korleis ein kan anonymisere. Ønsker den intervjuja å vere anonym, kan dokker ikkje notere namnet hens. Bruk eventuelt eit pseudonym. Dokker kan heller ikkje notere t.d. «Ho er 23 år, oppvaksen i Ulfborg Kirkeby og har mbugwe som morsmål». Det er truleg svært få personar som passar med presis desse opplysningane (Ulfborg Kirkeby er ein liten by, og det er få menneske i verda som har mbugwe som morsmål). Den intervjuja vil difor vere lett å gjenkjenne om nokon får tak i notatane dokkar. Vurder i staden å stryke alder og heimby og berre notere morsmålet om det er det mest interessante med tanke på intervjuet sitt tema. Til dømes: «Hen er i 20-åra, oppvaksen i ein liten by og har mbugwe som morsmål». Eller: «Hen er i 20-åra og har eit afrikansk språk som morsmål».

Under besøket

Finn ein stad der intervjuet kan gjennomførast. Det bør vere ein stad der dokker ikkje blir (alt for) forstyrra. Spør undervisaren på vertsinstitusjonen om hen kan hjelpe med å finne eit rom.

Før intervjuet, hugs å avtale kven av dokker som tar notat i løpet av intervjuet. Sørg også for å avtale kven av dokker som har særleg ansvar for å observere korleis nabospråskommunikasjonen flyt i intervjuet. Kva for språklege tilpassingar gjer dei i samtalen? Korleis blir eventuelle misforståingar oppklart? Bruker dei ulike ord for same fenomen på dei to språka?

Rett etter intervjuet når informanten har gått, bør dokker sette dokker ned og notere – både dei som noterte og dei som ikkje noterte i løpet av intervjuet. Fleire hovud hugsar betre enn eitt. Skriv ned det dokker hugsar frå intervjuet, og skriv ned umiddelbare tankar om det som vart sagt. På denne måten er det langt større sjanse for å hugse det som vart sagt, enn om ein ventar med å notere til dagen etter. Hugs også å ta notatar om sjølve nabospråskommunikasjonen og skriv ned ord som var forskjellige på dei to språka.

Etter besøket

Når dokker kjem heim, skal dokker presentere funna frå intervjuet/intervjuja for klassa dokkar. Avtal med læraren dokkar når det kan passe. På denne måten berikar dokker klassa si forståing av tematikken med nye perspektiv og kunnskap frå studentar og/eller lærarar i nabolandet. Kanskje noko er veldig likt i dei to landa eller på dei to utdanningane? Kanskje noko er ulikt? Ein slik presentasjon kan t.d. vere ein flott kick-start til klassa sitt eige arbeid med den valde tematikken. Eller kanskje klassa dokkar har jobba med tematikken medan dokker var borte? Då kan presentasjonen bli eit utgangspunkt for å diskutere tematikken, samanlikne perspektiv og utfylle kvarandre sin kunnskap om tematikken.

Hugs også å få sagt noko om sjølve nabospråskommunikasjonen i intervjuet. Dette vil gi dokker og klassa høve til å reflektere over nabospråskommunikasjon generelt. Kanskje dokker kan identifi-



Nordisk Netværk for Nabosprogsdidaktik

sere nokre smarte strategiar ein kan bruka når ein snakkar om fag på tvers av nabospråk? Då har medstudentane dokkar nokre gode tips til når dei t.d. sjølv snakkar om fag (og andre ting!) med nokon frå eit naboland i framtida.